

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Høyringsuttale Steinvassåne kraftverk, Fyresdal

Viser til møte med Øyvind Gundersen der han framla eit ynskje om å demme opp Steinsvatn og nytte vannmagasinet for kraftproduksjon.

Eg eig gardsnr. 25/7 Kiland, og eig ein del av stråndlinja rundt Steinsvatn. I samtaler med andre grunneigerar, og av eigen oppfatning, meiner eg at ei slik utbygging er uheldig for området.

Dette er eit villreinområde, og eit rekreasjons område som er lite berørt av folk.

I søknaden stend det at reguleringssona vert satt til 95cm. Men når ein kikkar på kart i frå Åmli og kart i frå Fyresdal syner dei ein forskjell på 90 cm. Kva for høgder tek ein utgangspunkt i?

I tillegg syner kartet som ligg ved konsesjonssøknaden lite høgder. Slik at det er vanskeleg å sjå føre seg kor mykje areal som faktisk vert demt opp.

Ein annan ting er dei biologiske undersøkingane. Dei vart gjort i Mars månad. Er det fullgodt for å kartleggje det biologiske mangfoldet kring Steinsvatn?

25.08.17 Fyresdal

Pål Kjetil Kiland